

Møtereferat

Dato: 18.06.2014

| | | | |
|-------------|---|-----------|-------------|
| Til stades: | Olav Finne (SVV), Arild Eggen, (SVV, prosjektleiar). Erik Skjetne (Vegdirektoratet), Eva Britt Isager (Bergen kommune), Lars Ove Kvalbeim (Bergen kommune), Håkon Rasmussen (HFK, samferdselsavdelinga), Nilmar Lohne (Triona), Sigmund Riis (SVV, i prosjektgruppa), Gunhild Raddum (HFK, i prosjektgruppa) og Trond Hovland (ITS-Norge) I tillegg var Solveig Meland og Lone Lervåg frå Sintef tilstade for å presentere resultata av evalueringarbeidet om er gjort på Kokstad/Sandsli. | | |
| Forfall: | Birger Hovin (BKK) | | |
| Emne: | Referat frå styringsgruppemøte 28.05 - Spontan samkøyring | Sak: | 2014/1340-3 |
| Møtetid: | 1230 - 1500 | Møtestad: | Fylkeshuset |

Møteleiar: Olav Finne

Referent: Gunhild Raddum

Viser til vedlagte dagsorden.

1. Ingen merknader til referatet.

2. Undersøking – SINTEF

Presentasjon av foreløpige resultat frå undersøkinga som er under arbeid i regi av Sintef. Datagrunnlaget bygger på ei større spørjeundersøking med eit utval på over 1000 respondentar. Det ble poengtert at resultata er foreløpige. Analysearbeidet er starta, men det er ikkje trekt nokon konklusjon om samkøyring som ein transportmåte er «liv laga» og eventuelle incentiv-ordningar. Sluttevalueringa vil omhandle samkøyring og ikkje berre om det som skjer i Bergen.

Presentasjonen omhandla reisevaner, motivasjon og kvifor ein valte å slutte som samkøyrer. Det var god oppslutning kring spørjeskjemaet.

Nokre av hovudfunna:

- Over 60 % svarte at dei ikkje hatt fått informasjon om samkjøring, men her er og et stort potensial.
- Viktig motivasjon for dei har fortsatt med samkøyring (2 %): Å kjenne nokon å samkøyre med, miljøomsyn og tidsgevinst/sambruksfelt.

Styringsgruppa uttrykte seg positiv til arbeidet med å få ein kunnskapsbasert tilpassing til samkøyring som eit transport-tilbod. Frå debatten:

- Vi må og hugse at samkøyring skjer også utan bruk av app. (Dette er og med i spørjeskjemaet til Sintef, dvs andre typer avtalte samkøyringsturar.)
- Trendskifte – frå eigarskap til tilgang (bildeling er eit døme).

- Det er ikkje så mange som skal til for å få resultat.
- Er prosjektet eit mobilitets-tiltak? Er det for mykje fokus på teknologi?

3. Status

Prosjektet hadde ein optimistisk start, men ein ser at det ikkje er nok med berre appar og sambruksfelt. Marknadsføring og debatt er viktig drivkraft.

4. Teknologiutvikling

Teknologi gir heilt nye moglegheiter. Men ein ting er teknologien, men noko anna er psykologien. Kort presentasjon av kva moglegheiter ein offentleg samkøyringsplattform (OSP) kan gje. I dag er samkøyrings-appen HentMeg kopla på, og i neste omgang vil buss/bane og taxi implementerast. OSPén kan utviklast med til dømes andre appar, klimapoeng, og registrering av sykkel og gange. Gjeldande lover og reglar skal til ein kvar tid vere styrande for andre løysingar som vil kople seg på plattforma.

Frå debatten:

- Det ble etterlyst en forretningsmodell. Kva blir situasjonen etter at prosjektet er avslutta?
- Carma har vist laber interesse.
- 10 mill brukta på OSP, og ein har ikkje komet dit ein ønska. OSP er eigentleg ein mobilitetsplattform. Meir fokus på mobilitet og mindre på «HentMeg» og teknologien.
- OSP har gått i ein retning som gjer den mindre «håndterbar».
- Diskusjon kring målet for prosjektet. Utvikle teknologi? Få flest mogleg biler bort frå veggen?
- Jo meir tid som nyttast på teknologi, jo mindre tid har ein til mobilitetsarbeid og endring av reisevanar.
- Mye skjer samstundes. Overordna mål er klima, korleis få ned co2. Samkjøring er et av fleire tiltak som kan støttes vidare, men det må satsas bredt. Samanlikning med el-bil-satsinga kor det er mange virkemiddel.

4. Testing så lang (Kokstad/Sandsli)

Vi har ein testplattform med utstyr og deltakarar som er villig til å være med vidare trass få deltakarar så langt. Sjølv testinga har fungert bra rent teknisk, men sett i samanheng med talet på brukarar er testinga mindre vellykka. Samstundes er erfaringsgrunnlaget bra, og det er mykje informasjon som kan takast med vidare.

5. Økonomi/Ressursar

Prosjektet er av ulike grunnar forseinka og det er planlagt ein forlenging til Mai 2015. Finansieringa av denne perioden er tenkt fordelt slik:

| | |
|------------------------------|--------------|
| Statens vegvesen Region vest | 2.0 mill.kr. |
| HFK | 1.5 mill.kr |
| Veddirektoratet: | 1,7 mill.kr |

Veddirektoratet og Region vest tek sin del av finansieringa om og HFK vert med eit år til.

Det vart ein lengre debatt kring prosessen vidare i prosjektet, og her er nokon av dei momenta som var oppo:

- Kva skjer når prosjektet er ferdig og OSPén er ferdig utvikla? HentMeg spesielt må marknadsførast og kven sørger for det?
- Blir prosjektet ferdig? Er prosjekt-handteringa mangelfull?

- Teknologien må vidareutviklast. Vegdirektoratet har gjeve økonomisk støtte til utviklinga av OSPén og evalueringa som Sintef no gjennomfører. Etter at prosjektet er ferdig trekker dei seg ut og Triona vil stå som eigar og ansvarleg for vidareutvikling av teknisk løysing. Blir Bergens-prosjektet vellukka, vil det etter planen bli vidareutvikla til ei nasjonal løysing.
- Kva er styringsgruppa sin rolle? Fokus bør være på utvikling og bruk av HentMeg, bruken av OSPén samt å promotere samkøyring.
- Når er prosjektet ferdig og kva ligg i omgrepet «ferdig»? Arbeidet med å fremje samkøyring vil ikkje stoppe opp når prosjektet er ferdig. For å få effekten må dei ulike appane gjerast kjent. Det er denne «samansyninga» som skal marknadsførast. Slik sett er ein klar til å «sleppe laus» prosjektet på befolkninga, og bruke ressursane på mobilitetsarbeid.
- To val for vegen vidare: 1. Avslutte prosjektet 2. Fortsette og ferdigstille prosjektet

Prosjektgruppa vart einig i å ha eit nytt møte tidleg i september og kome fram til vidare framdrift i prosjektet. Den politiske handsaminga av HFK sitt bidrag i prosjektet (1,5 mill kr) vil her bli avgjerande.

Prosjektgruppa fortsett inntil vidare med tanke på at prosjektet skal fullførast. Før neste møte skal styringsgruppa få materiale i god tid og med et opplegg kor dei kan fatta vedtak i viktige saker.

Det vart ikkje tid til punkt 7 og 8.

Til orientering:

Fylkesutvalet vedtok den 19.06. følgjande:

«Fylkesutvalet vedtek å støtte ein vidareføring av prosjektet «Spontan samkøyring» med 1,5 mill kr. Dekning for utgiftene vert å kome attende til i 2015-budsjettet.»